



HANDLINGSPLAN FOR ELDREOMSORGEN



Sluttrapport for Møre og Romsdal



Fylkesmannen og Fylkeslegen i Møre og Romsdal
Januar 2003

Organisering av arbeidet med handlingsplanen i Møre og Romsdal

Styringsgruppe:	Sissel Tho, avdelingsdirektør, Fylkesmannen i Møre og Romsdal Egil Storås, fylkeslege, Fylkeslegen i Møre og Romsdal Marit Heggstad, avdelingsdirektør, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Prosjektleder:	Heidrunn Avdem, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Prosjektmedarbeidarar:	Vigdis Halle, Fylkesmannen i Møre og Romsdal Lillian Kjøl, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Arbeidsgruppe:	Marie Eide, fylkessjukepleiar, Fylkeslegen i Møre og Romsdal Tone Brunvoll, rådgivar, Fylkesmannen i Møre og Romsdal Frank Madsøy, rådgivar, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Referansegruppe:	Knut Bere, ordførar, Volda kommune Berit Tafjord, styrar, Sunndal helsetun, Sunndal kommune Gunn Faksvåg, ergoterapeut, Molde kommune Håvard Heggdal, overlege, Fylkesjukehuset i Molde Kjersti Wogn Henriksen, psykolog, alderspsykiatrisk avdeling, fylkessjukehuset i Molde Rikard Olsvik, leiar for det fylkeskommunale eldrerådet Anne Mari Mordal, hjelpepleiar, Molde kommune Målfrid Nordhaug, diakon, Møre bispedømeråd Olaug Kadio, plan og næringsssjef, Tingvoll kommune Marit Botnen, pleie- og omsorgsleiar, Ulstein kommune Bjarne Sandvik, planleggjar, Kristiansund kommune Torbjørn Kvernberg, kommunlege, Fræna kommune Bernt Westad, rådmann, Sula kommune Gunnar Bendixen, KS Møre og Romsdal

UTGITT AV:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeslegen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE

LAYOUT OG GRAFISK PRODUKSJON:

Fylkesmannen i M & R / EKH-trykk as, Molde

Foto på forsida: Eide omsorgssenter, Eide

INNHALD

	Side
DEL I	
1. INNLEIING	2
2. SAMANDRAG	3
3. STATUS FOR KOMMUNANE I MØRE OG ROMSDAL	4
3.1 Demografisk utvikling	4
3.2 Personelldekning	6
3.3 Utbygging – fordeling av investeringstilskotta	9
3.4 Utvikling av tenestetilbodet	11
3.5 Eineromsdekning	16
3.6 Andre kvalitetsfaktorar	19
4. KOMMUNEØKONOMI	19
5. VURDERING AV RESULTATET AV HANDLINGSPLAN FOR ELDREOMSORGEN	20
5.1 Synspunkt frå kommunane	20
5.2 Synspunkt frå referansegruppa	22
5.3 Fylkeslegen og fylkesmannen si vurdering	24
6. UTFORDRINGAR FRAMOVER	25
DEL II	27
UTVIKLINGA I KVAR ENKELT AV KOMMUNANE I MØRE OG ROMSDAL	27
DEL III	
VEDLEGG	

1. INNLEIING

Rapporten frå Møre og Romsdal oppsummerer resultatet av "Handlingsplan for eldreomsorgen" for kommunane og samanliknar resultatet frå Møre og Romsdal med landet elles. Rapporten er ei tilbakemelding med informasjon til kommunar, til politikarar, eldreråd, administrasjon og brukarar/tilsette i helse- og sosialsektoren. Vidare er rapporten ei tilbakemelding til Sosialdepartementet, Sosial- og helsedirektoratet, til Kommunal- og regionaldepartementet og Husbanken.

(Sjå SHD si heimeside <http://odin.dep.no/shd/proj/eldre>).

Eldreomsorga var på nittitalet kome i utakt med ein sterk vekst i talet på eldre med behov for pleie- og omsorgstenester. Det var blitt fleire eldre og kravet til kvalitet i tenestene var auka på same måte som velstandsutviklinga elles i samfunnet.

Handlingsplan for eldreomsorgen blei sett i gang i 1998 som eit krafttak over fire år for å sette kommunane i stand til å halde tritt med eit auka behov for tenester.

I Stortingsmelding nr. 50 (1996-1997) ga Stortinget mål for utviklinga av pleie- og omsorgstenestene:

- å gje den einskilde tryggleik for naudsynte pleie- og omsorgstenester etter behov
- å styrke mengda og kvaliteten på tenestene
- å utvikle heilskaplege og fleksible tenestetilbod
- å gje likeverdige tilbod utan omsyn til bustad, inntekt og andre ressursar
- å gje større rom for brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga

Stortingsmelding nr 50 (1996-97) la opp til å bygge 24.400 sjukeheims plassar og omsorgsbustader i kommunane. Behovet for personell var berekna til 12000 nye årsverk i pleie- og omsorgstenesta. Stortinget løyvde 30 milliardar kroner i øyremerka midlar for styrking av pleie- og omsorgstenesta. Kommunane laga sin eigen handlingsplan for eldreomsorga som kvart år vart rullert. Handlingsplanane danna saman med informasjon frå budsjett, økonomiplan, rekneskap og SSB, grunnlag for utbetaling av driftstilskott til kommunane.

Seinare er handlingsplanen utvida med 9000 + 2000 + 3000 einingar, som til saman gjev 38.400 omsorgsbustader og sjukeheims plassar til kommunane. Omsorgsbustadene og sjukeheims plassane er gått med til å erstatte fleirsengsrom med einerom, erstatte ueigna alders- og sjukeheimar med nybygg og gje rom for naudsynt kapasitetsvekst.

Kommunane har langt på veg innfridd forventningane frå Stortinget om å styrke eldreomsorga. I all hovudsak er planen gjennomført når det gjeld å styrke personellsida og bygge ut omsorgsbustader og sjukeheims plassar. Alle byggeprosjekta skal vera ferdige innan 2005.

Etter handlingsplanen vil det framleis vere store utfordringar i eldreomsorga. I tida som kjem vil det bli sett fokus på å styrka kvaliteten på tenestene og å sikre brukarane større medverknad ved utforminga

av tenestetilbodet. Regjeringa vil våren 2003 legge fram ei Stortingsmelding som m.a. vil innehalde det nye utviklingsprogrammet for kvalitet i omsorgstenestene.

Fylkesmannen og Fylkeslegen har hatt ansvaret for å rettleie kommunane i arbeidet med handlingsplan for eldreomsorgen og å følgje utviklinga i kommunane. I praksis vil det seie å fylgje med i prosessen kommunane har hatt for å planleggje og å byggje ut føremålstenlege institusjons- og butilbod til pleie- og omsorgstrengande. Kommunane har kvart år rapportert om aktivitetsauke innan pleie- og omsorgstenesta. Ei rettesnor for arbeidet har vore at kommunane skulle få eit pleie- og omsorgstilbod som passa dei lokale tilhøva.

I utbyggingssaker har Fylkesmannen i samarbeid med Fylkeslegen gjort prioriteringar av byggesøknader innanfor dei økonomiske rammene Husbanken disponerer for kommunane i Møre og Romsdal.

2. SAMANDRAG

Handlingsplan for eldreomsorga har gjeve over 1000 nye årsverk i pleie- og omsorgstenesta og den vil gje i alt 2544 nye eller nyrenoverte plassar i eldreomsorga i Møre og Romsdal. Handlingsplanen har utløyst statlege tilskott på tils. 2,6 milliardar kroner. Resultatet kan oppsummerast slik:

- Dekningsgraden for plass i institusjon/omsorgsbustad pr. 100 innb. 80 + vil auke frå 31 % i 1997 til 36 % i 2005. Vi får denne auken til trass for at det både er ein sterk vekst i talet på eldre og at det er mange dobbeltrom som blir bygt om til einsengsrom.
- Dekningsgraden på plassar i sjukeheim aukar frå 17 % til 19 % i det same tidsrommet. Den tilsvarande utviklinga for omsorgsbustader er frå 4 % til 14 %. Dekningsgraden i talet på aldersheimsplassar går ned frå 10 % - 3 % i perioden. Aldersheimane blir altså i stor grad avvikla i denne perioden.
- Alle kommunane vil etter handlingsplanen ha ein svært stor del av institusjonstilbodet sitt i einerom. Kommunane bør difor vera godt rusta til å møte kravet i den nye kvalitetsforskriften om at alle som ønskjer det skal få einerom.
- Handlingsplanen har utjamna nivåforskjellane mellom kommunane. Ein svært stor del av kommunane vil ha ein dekningsgrad mellom 30 % – 50 %. Dette tilseier at eldreomsorga har høg prioritet i kommunane her i fylket.

Ved dette årskiftet er den største utfordringa knytt til korleis kommunane skal få vedteke budsjett for neste år utan at den styrkinga som er gjennomført i handlingsplanperioden blir svekka.

Tilskota i handlingsplanen har sett bygging av plassar i sjukeheimar og i omsorgsbustader i fokus. Det er viktig at vi framover ser dei ulike tiltaka i eldreomsorga i samanheng. Ei framtidsretta eldreomsorg krev at eldre først og fremst skal få bu i eigne heimar så lenge som mogleg. Vi må også unngå at det blir for sterkt press mot dei nye plassane i institusjonar og omsorgsbustader. Begge desse formåla krev at heimetenesta blir utvikla vidare og at forebyggjande tiltak som ulike tilbod i dagsenter og liknande blir prioritert.

3. STATUS FOR KOMMUNANE I MØRE OG ROMSDAL

I dette kapittelet vil vi gjere greie for den demografiske utviklinga i talet på eldre og sjå på utviklinga når det gjeld bygging av omsorgsbustader og sjukeheims plassar. Likeeins vil vi sjå på utviklinga innan tenestetilbodet i pleie- og omsorgssektoren og i talet på tilsette. Kva var stoda i Møre og Romsdal før utbygginga og korleis blir det i 2005?


3.1. Demografisk utvikling

Tabell 1 viser at talet på personar over 80 år aukar med 15,3% i gjennomsnitt her i fylket fram mot 2005. Dette er 1,3 % meir enn landsgjennomsnittet. Ein skal merke seg at det er store skilnader mellom kommunane:

- 17 har ein vekst som er sterkare enn gjennomsnittet
- 14 har ein lavare vekst
- 7 har ein faktisk nedgang i talet på eldre i denne perioden.

Det er og store skilnader mellom kommunane når det gjeld samansetjinga av gruppa 80 +. I ein del kommunar er det t.d. relativt langt fleire som er over 90 år enn gjennomsnittet. Slike variasjonar kjem ikkje fram i tabellane her. Dei ulike skilnadene i den demografiske utviklinga gjev ulike utfordringar for kommunane når det gjeld planlegging av den framtidige eldreomsorga.

Figur 1: Prognose for prosentvis auke i eldre over 80 år i perioden 1997 - 2005



Tabell 1: Kommuneoversikt eldre 80+ (1997-2001-2005)

Kommune	Tal på personar 80+ 31.12.97	Tal på personar 80+ 31.12.01	Prognose 80+ 2005 ¹	Prognose for prosentvis endring 1997 - 2005
Molde	988	1 134	1 124	13.8
Kristiansund	765	873	1 007	31.6
Ålesund	1 442	1 634	1 813	25.7
Vanylven ²	212	256	229	8.0
Sande ²	158	147	186	17.7
Herøy	359	381	395	10.0
Ulstein	215	237	242	12.6
Hareid	207	235	220	6.3
Volda	416	463	455	9.4
Ørsta	517	570	569	10.1
Ørskog	106	114	129	21.7
Norddal	166	173	162	-2.4
Stranda	253	263	256	1.2
Stordal	64	59	54	-15.6
Sykkylven	299	339	342	14.4
Skodje	124	125	118	-4.8
Sula	241	308	309	28.2
Giske	230	264	278	20.9
Haram	410	487	490	19.5
Vestnes	328	334	328	-
Rauma	423	493	491	16.1
Neset	222	204	216	-2.7
Midsund	102	128	123	20.6
Sandøy	77	86	102	32.5
Aukra	143	162	164	14.7
Fræna	358	400	415	15.9
Eide	112	135	141	25.9
Averøy	248	299	306	23.4
Frei	105	112	138	31.4
Gjemnes	172	171	175	1.7
Tingvoll	214	217	216	0.9
Sunndal	307	378	420	36.8
Surnadal	359	390	414	15.3
Rindal	156	174	178	14.1
Aure	182	181	174	-4.4
Halsa	153	133	133	-13.1
Tustna	73	68	68	-6.8
Smøla	138	154	151	9.4
Møre og Romsdal	11 044	12 281	12 731	15.3
Landet	184 413	201 459	210 176	14.0

¹ Prognose SSB. 1999. Alt MMMM² Justeringa av Åram mellom Sande og Vanylven er ikkje teke inn i prognosen.

3.2 Personelldekning

Tilskott til opptrapping av drifta i pleie- og omsorgstenesta, "omsorgstenestetilskottet" var eit viktig virkemiddel i handlingsplanen. I perioden 1998 til 2001 auka tilskotta til drift av omsorgstenestene på landsbasis frå 500 millionar kroner til 3,7 milliardar kroner. Dei samla utgiftene i kommunane til pleie- og omsorgstenester auka samstundes frå 29 milliardar i 1997 til 38,5 milliardar kroner.

Omsorgstenestetilskottet vart opptrappa kvart år fram til 2001. I 1997 var tilskottet for fylket 29 millionar kroner mot vel 200 millionar kroner i 2001, altså ein auke på vel 170 millionar. Den samla tilskotssummen for åra 1998 – 2001 utgjør bortimot 540 millionar. Omsorgstenestetilskottet var øyremerka og det var stilt krav til kommunane om at :

....."økningen i de øremerkede midlene i sin helhet nyttes til å etablere nye tiltak og skape reell vekst i tråd med formålet for tilskuddene."

Kommunane har rapportert årleg om korleis tilskottet har vore disponert og fylkesmannen har saman med fylkeslegen kontrollert desse rapportane. Tabellen nedanfor viser korleis personellutviklinga i pleie- og omsorgstenesta har vore fram til og med 2001.




Ørstaheimen i Ørsta kommune

Tabell 2: Personellutviklinga i pleie- og omsorgstenesta 1997 - 2001

Kommune	Årsverk PLO	Årsverk PLO	Endring ant årsverk 97 - 02	Prosentvis endring 97 - 02	Deknings-grad	
	31.12.97	31.12.01			pr. 100 80+	pr. 100 80+
					1997	2001
Molde	436	477	41	9	44	42
Kristiansund	255	437	182	71	33	50
Ålesund	638	840	202	32	44	51
Vanylven	69	82	13	19	33	32
Sande	51	94	43	84	32	64
Herøy	125	167	42	34	35	44
Ulstein	110	111	1	1	51	47
Hareid	90	94	4	4	43	40
Volda	135	175	40	30	32	38
Ørsta	168	212	44	26	32	37
Ørskog	86	87	1	1	81	76
Norddal	70	83	13	19	42	48
Stranda	92	109	17	18	36	41
Stordal	28	27	-1	-4	44	46
Sykkylven	112	103	-9	-8	37	30
Skodje	60	74	14	23	48	59
Sula	111	147	36	32	46	48
Giske	106	127	21	20	46	48
Haram	162	196	34	21	40	40
Vestnes	351	338	-13	-4	107	101
Rauma	192	184	-8	-4	45	37
Nesset	86	92	6	7	39	45
Midsund	56	65	9	16	55	51
Sandøy	40	46	6	15	52	53
Aukra	72	86	14	19	50	53
Fræna	134	233	99	74	37	58
Eide	54	57	3	6	48	42
Averøy	115	119	4	3	46	40
Frei	67	89	22	33	64	79
Gjemnes	59	81	22	37	34	47
Tingvoll	79	94	15	19	37	43
Sunndal	197	201	4	2	64	53
Surnadal	102	183	81	79	28	47
Rindal	59	66	7	12	38	38
Aure	77	76	-1	-1	42	42
Halsa	51	58	7	14	33	44
Tustna	25	25	-	-	34	37
Smøla	67	66	-1	-1	49	43
Møre og Romsdal	4 787	5 801	1 014	21	43	47
Landet	79 435	92 553	13 118	17	43	46

Tabellen viser at talet på årsverk auka med 1014 frå 1997 til 2001. Dette er ein auke på ca. 21 %. Dette er ein vekst som er 4 prosentpoeng større enn landsgjennomsnittet.

Figur 2: Endring i årsverk pleie- og omsorgstenesta 1997- 2001, 2002- 2005 ³



³ Prognose 2005.

Figur 2, samt i tabell 2 i del III, framstiller også tal for personellveksten fram mot år 2005. Dette er tal som kommunane rapporterte om i januar 2001. Det må altså sjåast som eit anslag for eit forventa behov. Kommunane i Møre og Romsdal kom da til at det samla er behov for å auke personellet med totalt 226 årsverk fram til 2005.

Nokre av kommunane i tabellen har ein urealistisk høg personellvekst. Dette kjem fram fordi det er gjennomført organisatoriske endringar som medfører at fleire grupper personell er vorte registrerte i pleie- og omsorg enn tidlegare. Den reelle auken i talet på årsverk er såleis ikkje så sterk som tabellen ovanfor viser. Personellveksten har vore nøye vurdert kvart år i planperioden, og vi har konkludert med at den har stått i eit rimeleg forhold til dei forventningane som var stilt til omsorgstenestetilskottet. Alle kommunane har dermed fått utbetalt fullt tilskott i planperioden.

I planperioden har fylkesmannen også disponert kr. 56 720 000 i skjønntilskott. Dette tilskottet skulle også styrke drifta og var i fyrste rekke meint for kommunar med svak økonomi og som i tillegg hadde:

- Særleg lågt nivå på tenestene i pleie- og omsorgssektoren
- Særleg behov for kompetanseheving av personell
- Gjennomført større utbygging av sjukeheimplassar og omsorgsbustader tidlegare.

Dette tilskottet har vore fordelt til omlag halvparten av kommunane i fylket.

Frå 2002 er omsorgstenestetilskottet lagt inn i rammetilskottet til kommunane.

I Stortingsmelding 31 "Avslutning av handlingsplan for eldreomsorgen" heiter det:

"Årsverksveksten i pleie- og omsorgstjenesten har vært helt nødvendig og må fortsette de nærmeste årene. Det resultatet som er oppnådd i handlingsplanperioden må derfor videreføres ved hjelp av ordinære statlige virkemidler."

3.3 Utbygging – fordeling av investeringstilskotta

Tilskott til bygging av sjukeheimplassar og omsorgsbustader har vore det mest sentrale virkemidlet i handlingplan for eldreomsorga. Etter dei nye vedtaka i Stortinget, er det gjeve finansiering av i alt 38 400 plassar i sjukeheimar eller i omsorgsbustader. Møre og Romsdal har fått 2544 av desse plassane – dvs. 6,5 %. Grovt rekna gjev dette ei statleg overføring til kommunane på godt over to milliardar kroner. Sidan finansieringsramma har vorte utvida, har vi også fått ei forskyving i tidsperspektivet for gjennomføring fram t.o.m. 2005.

Investeringstilskotta har gått både til

- å erstatte gamle bygningar med nye
- å bygge om fleirsengsrom til enkeltrom
- å etablere nye tilbod og dermed utvide kapasiteten

Mange av utbyggingsprosjekta har innslag av alle desse formåla. Etter ein gjennomgang av alle søknadene i 2001 gjorde vi eit anslag på at om lag 31 % gjaldt kapasitetsauke, 42 % utskifting av fleirsengsrom og 27 % utskifting av gammal bygningsmasse.

Kommunane hadde i starten av handlingsplanen ulike behov for utbygging og aktiviteten har variert mellom kommunane. Alle har gjennomført ei eller fleire utbyggingar i planperioden og har såleis fått del i investeringstilskotta. Nedanfor følgjer ei oversikt som både viser korleis tilskotta til utbygging er fordelt mellom kommunane og fordelinga mellom omsorgsbustader og sjukeheimplassar. Del 2 i rapporten gjev konkret informasjon om kva slags prosjekt som er finansiert i kvar kommune.

Tabell 3: Fordeling investeringstilskot i perioden 1998 – 2002

Kommune	Sjukeheim	Omsorgsbustad	Sum tilsagn og tilrådde einingar 01.01.98 - 31.12.02
Molde	133	106	239
Kristiansund	83	78	161
Ålesund	161	173	334
Vanylven	8	21	29
Sande	17	34	51
Herøy	7	48	55
Ulstein	42	15	57
Hareid	57	5	62
Volda	76	56	132
Ørsta	70	51	121
Ørskog	36	0	36
Norrdal	10	10	20
Stranda	35	39	74
Stordal	15	6	21
Sykkylven	26	76	102
Skodje	40	6	46
Sula	0	73	73
Giske	8	41	49
Haram	50	67	117
Vestnes	31	24	55
Rauma	30	30	60
Nesset	12	0	12
Midsund	21	16	37
Sandøy	6	6	12
Aukra	8	4	12
Fræna	68	28	96
Eide	24	8	32
Averøy	40	28	68
Frei	0	6	6
Gjemnes	0	24	24
Tingvoll	45	20	65
Sunndal	65	33	98
Surnadal	16	28	44
Rindal	21	20	41
Aure	12	20	32
Halsa	6	20	26
Tustna	0	13	13
Smøla	32	0	32
SUM einingar	1311	1233	2544

3.4 Utvikling av tenestetilbodet


Handlingsplan for eldreomsorgen skulle både auke kapasiteten i eldreomsorgen og gje kommunane eit meir moderne tenestetilbod. Stortingsmelding 50 hadde undertittelen *”trygghet – respekt – kvalitet”* og det var tverrpolitisk semje i Stortinget om at

”Et hovedmål er at eldre skal kunne bo i sine egne hjem så lenge som mulig.”

I forhold til dette målet var det sentralt å nytte verkemiddel som både kunne utvikle heimetenesta og styrke boligstandarden både i tilrettelagte omsorgsbustader og gjennom å få betre bustandard i institusjonane.

Figur 3 framstiller korleis utbyggingane vil endre tenestetilbodet i kommunane.


Figur 3: Samla tal på plassar i institusjon og omsorgsbustader 1997-2001-2005



Vi ser altså at det totale talet på plassar i sjukeheim, aldersheim og omsorgsbustad aukar med 1156 i perioden. Vi får 514 fleire sjukeheimplassar og 1392 fleire omsorgsbustader. Talet på aldersheimsplassar blir redusert med 742.

Figur 4 framstiller korleis endringane som følgje av utbyggingane slår ut i forhold til den forventa utviklinga av talet på personar over 80 år.

Figur 4: Dekningsgrad fordelt pr. 100 innb. 80+ 1997-2001-2005



Den samla dekningsgraden for plass i institusjon/omsorgsbustad pr. 100 innb. 80 + vil auke frå 31 % i 1997 til 36 % i 2005. Dekningsgraden i sjukeheim aukar frå 17 % til 19 % i det same tidsrommet. Den tilsvarende utviklinga for omsorgsbustader er frå 4 % til 14 %. Dekningsgraden i talet på aldersheimsplassar går ned frå 10 % - 3 % i perioden.

Tabell 4 gjev ei kommunevis oversikt over korleis det totale talet på plassar endrar seg og korleis den tilsvarende dekningsgraden pr. 100 80 + endrar seg. Figur 5 framstiller den forventa utviklinga av dekningsgraden frå 1997 - 2005.

Kommunearka i del II framstiller den detaljerte endringa i tenestetilbodet i kvar enkelt kommune.

Figur 6 framstiller den forventa dekningsgraden i 2005 fordelt mellom plassar i sjukeheim, aldersheim og omsorgsbustader.


Tabell 4: Dekningsgrad og tal på institusjonsplassar og omsorgsbustader - 1997- 2005

Kommune	Talet på plassar institusjon og omsorgsbustader ⁴		Dekningsgrad pr. 100 80+	
	1 997	Prognose 2005	1997	Prognose 2005
Molde	298	433	30	39
Kristiansund	231	293	30	29
Ålesund	343	593	24	33
Vanylven	67	85	32	37
Sande	55	60	35	32
Herøy	96	133	27	34
Ulstein	64	77	30	32
Hareid	48	66	23	30
Volda	101	139	24	31
Ørsta	150	208	29	37
Ørskog	41	36	39	28
Norddal	56	45	34	28
Stranda	123	75	49	29
Stordal	33	29	52	54
Sykkylven	65	115	22	34
Skodje	34	50	27	42
Sula	52	145	22	47
Giske	61	110	27	40
Haram	147	196	36	40
Vestnes	137	149	42	45
Rauma	154	168	36	34
Nesset	93	93	42	43
Midsund	38	55	37	45
Sandøy	33	35	43	34
Aukra	63	82	44	50
Fræna	149	170	42	41
Eide	47	63	42	45
Averøy	70	81	28	26
Frei	63	77	60	56
Gjemnes	28	52	16	30
Tingvoll	73	81	34	38
Sunndal	124	170	40	40
Surnadal	80	132	22	32
Rindal	66	73	42	41
Aure	19	66	10	38
Halsa	37	46	24	35
Tustna	15	28	21	41
Smøla	81	82	59	54
Møre og Romsdal	3 435	4 591	31	36
Landet	49 085	69 200	27	33


⁴ Institusjonsplassar er alle plassar i aldersheimar og sjukeheimar

Omsorgsbustader er alle som er bygt etter 1994 (dvs. at alle tilrettelagte bustader som var bygt før, kjem i tillegg!)

Figur 5: Samla dekningsgrad 1997 – 2005



Figur 6: Dekningsgrad fordelt pr. 100 innb. 80+ i 2005



Tabellane og figurane i dette avsnittet framstiller altså dei endringane i tenestetilbodet som vi forventar at denne utbygginga vil gje. Viktige tendensar er:

- I 1997 varierte dekningsgraden mellom 10 % og 60 %.
20 av kommunane, dvs. 53 %, hadde ein dekningsgrad mellom 30 – 50 %.
- I 2005 vil dekningsgraden variere frå 28 % til 56 %.
28 av kommunane, dvs. 74 %, får ein dekningsgrad mellom 30 og 50 %.
- Etter 2005 vil alle kommunar i fylket altså ha både sjukeheimplassar og omsorgsbustader, men det er berre 14 av kommunane som vil ha aldersheimplassar.
I 1997 hadde 29 av kommunane aldersheimplassar.

Når handlingsplanen er gjennomført, har vi fått ei utjamning av dei ekstreme skilnadene mellom kommunar med svært høg og svært lav dekningsgrad. $\frac{3}{4}$ delar av kommunane vil ha ein dekningsgrad mellom 30 og 50 % og det har vorte langt fleire kommunar som har kome opp på dette nivået enn det var før. Viktige tendensar er elles at :

- Det blir 510 fleire sjukeheimplassar
- Det blir 1384 fleire omsorgsbustader
- Det blir 742 færre aldersheimplassar.

3.5 Eineromsdekning

Frå ulike hald har det i lang tid vore reist krav om at alle brukarane i eldreomsorga må kunne få disponere eit rom for seg sjølv. I Handlingsplanen var det difor lagt opp til at så mange som 6000 av de nye plassane på landsbasis skulle dekke behovet for å gjera om fleirsengsrom til einerom. Frå den 01.03.03 vil den nye forskrifta om kvalitet i pleie- og omsorgstenesta trå i kraft. I § 3 om "Oppgaver og innhold i tjenestene" er

- "Tilbud om enerom for langtidsopphold til de som ønsker det"

teke inn som eit av dei krava tenestene skal sikre for å dekke brukarane sine grunnleggande behov. Tabell 7 framstiller kor stor del av dei samla plassane som er einerom og korleis dette vil endre seg når handlingsplanen er gjennomført.




Litjuset, Rindal kommune

Tabell 5: Kommunevis oversikt – eineromsdekning 1997-2001-2005

Kommune	Dekningsgrad einerom		
	1 997	2 001	Prognose 2005
Molde	78.2	81.7	100.0
Kristiansund	81.8	82.6	100.0
Ålesund	82.5	83.8	100.0
Vanylven	100.0	100.0	100.0
Sande	87.8	86.5	100.0
Herøy	90.9	90.9	100.0
Ulstein	84.2	92.1	100.0
Hareid	70.3	70.3	95.7
Volda	87.0	87.0	100.0
Ørsta	78.4	86.8	100.0
Ørskog	67.7	93.1	100.0
Norddal	94.1	93.9	100.0
Stranda	71.6	40.0	100.0
Stordal	79.2	77.3	94.4
Sykkylven	74.5	74.5	100.0
Skodje	100.0	86.7	100.0
Sula	100.0	100.0	100.0
Giske	78.0	97.0	92.9
Haram	57.1	59.0	100.0
Vestnes	94.6	96.7	96.4
Rauma	100.0	100.0	100.0
Neset	93.8	93.8	100.0
Midsund	88.9	88.9	100.0
Sandøy	92.9	100.0	100.0
Aukra	98.1	98.1	98.2
Fræna	69.7	70.0	100.0
Eide	93.9	90.9	94.1
Averøy	83.3	83.3	100.0
Frei	95.8	95.8	95.8
Gjemnes	88.0	88.0	95.7
Tingvoll	90.4	81.3	100.0
Sunnidal	85.0	100.0	100.0
Surnadal	97.4	97.4	97.9
Rindal	78.3	56.3	95.1
Aure	62.2	69.7	100.0
Halsa	76.7	76.7	100.0
Tustna	100.0	100.0	100.0
Smøla	86.8	86.8	100.0
Møre og Romsdal	84.7	86.6	99.3
Landet	83.0	-	97.0

Figur 7: Kommunevis oversikt – eineromsdekning 1997- 2005



I 1997 var det berre 5 av kommunane som berre hadde einerom. 22 av kommunane hadde mindre enn 90 % av tilbodet i einerom. Dei største kommunane i fylket er i denne gruppa. Når utbyggingane er gjennomførte, vil dette biletet vera heilt forandra. 28 av kommunane vil da berre ha einerom. Dei 10 andre kommunane vil ha ei eineromsdekning på over 90 %. I praksis er det for mange av kommunane snakk om eit eller to dobbeltrom som dei ønskjer å disponere til personar som vil bu i lag.

3.6 Andre kvalitetsfaktorar

Når utbygginga i handlingsplanen er gjennomført, vil dei fleste kommunane ha etablert eigne tilbod for personar med aldersdemens. Kommunane har valgt å organisere dette på ulike måtar – enten som omsorgsbustader eller som plassar i sjukeheim. Uansett organisasjonsform vil dei nyetablerte tilboda

- vera utforma slik at dei i langt større grad er tilpassa funksjonsnivået til personar med slike sjukdommar
- ha tilgjengelege uteområde som er tilrettelagt for desse brukarane
- ha fast, heildøgns bemanning.

Mange kommunar har også satsa på å etablere tilbod for avlastning, korttidsopphald og rehabilitering i sjukeheimane.

Alle avdelingar i dei nye/nyrenovert sjukeheimane er organiserte i langt mindre einingar enn tidlegare – som oftast i grupper med 8 – 10 personar. Kommunane satsar i hovudsak på ei driftsform der personalet er knytt til desse gruppene. Dette er ei strukturell endring som vil legge til rette for personlege relasjonar både mellom brukarane og mellom den enkelte og personalet.

Handlingsplan for eldreomsorga har gått parallelt med Handlingsplan for helse og sosialpersonell. Gjennom den siste planen har kommunane fått eigne tilskott som har vore øymerka til kompetanseutvikling. I mange kommunar har dette vore eit verkemiddel for å arbeide med å styrke kompetansen i pleie- og omsorgstenesta parallelt med at ein har gjennomført utbyggingane.


4. KOMMUNEØKONOMI

Kommuneøkonomien i fylket har forverra seg i alle dei 4 siste åra og året 2002 er heller ikkje noko unntak. Det er fleire indikatorar på at kommuneøkonomien i fylket er vanskelegare enn i resten av landet. Ein indikator på dette er at Møre og Romsdal har heile 17 kommunar i Kommunal- og regionaldepartementet sitt register for betinga godkjenning og kontroll (<http://robek.dep.no>). Det er ingen andre fylke som er nær eit slikt omfang av kommunar som må ha statleg tilsyn med økonomien.

Kommunane i Møre og Romsdal har også høg lånegjeld. Dette gjer at mykje av driftsresultatet er bunde opp til å betale renter og avdrag, noko som medverkar til å svekke handlefridomen til kommunane. I 2002 utgjorde netto lånegjeld 55,3 % av driftsinntektene for kommunane i Møre og

Romsdal. Tilsvarande tal for resten av landet var 42,6 %. Det er her store variasjonar mellom kommunane. Dette resulterer i at rente- og avdragsbetaling for kommunane i fylket i 2002 utgjorde 5,6% av driftsinntektene. Tilsvarande tal for resten av landet var 3,2 %. Høg rente- og avdragsbelastning fører til at kommunane i Møre og Romsdal, dei siste åra, har hatt låge driftsresultat. I 2002 var netto driftsresultat på 0,5 % av driftsinntektene; i resten av landet var gjennomsnittet på 1,9 %. Det oppsamla overskotet har også blitt mykje dårlegare det siste året og heile 20 av kommunane i fylket hadde eit negativt akkumulert rekneskapsresultat i 2001. Det fører til svekka likviditet og handlefridom dei neste åra.

Figur 8:
Driftsbalanse for Møre og Romsdal samla



Fleire av kommunane i fylket sit med store summer i aksjefond. Børsnedgangen som starta i 2001, har fortsett i 2002. Dette fører til ytterlegare press i økonomien, som følgje av at enkelte kommunar i staden for å kunne ta til inntekt avkastning frå desse plasseringane, må bokføre tap i driftsrekneskapan.

Generelt vanskeleg kommuneøkonomi og ytterlegare press på kommunane som følgje av fleire reformar dei siste åra gjer at fylkesmannen fryktar at situasjonen i 2003 og dei nærmaste åra ikkje blir vesentleg betre.

Det blir viktig at kommunane held fram med å iverksetje effektivisering og innsparingstiltak for å tilpasse driftsutgiftene til inntekts-føresetnadene og for å betre kommunane sin handlefridom. Ei god finansiell stilling er nødvendig for at kommunane på sikt skal kunne løyse oppgåvene sine på ein optimal måte. Målet må vere ein rimeleg god økonomi, samtidig som dei kommunale oppgåvene vert løyst på ein mest mogleg effektiv måte til det beste for innbyggjarane. Det blir ein særst krevjande å kombinere dette med dei oppgåvene kommunane skal ivareta til dømes innanfor eldreomsorga.

5. VURDERING AV RESULTATET AV HANDLINGSPLAN FOR ELDTREOMSorgen

5.1 Synspunkt frå kommunane

I samband med rapporteringa som blei gjort etter Rundskriv I-55-2001 ved årsskiftet 2001-2002, har kommunane kome med sine kommentarar og vurderingar i forhold til følgjande tre problemstillingar:

1. Kva er kommunen sin erfaring med handlingsplan for eldreomsorgen?
2. Kva har handlingsplanen betydd for utviklinga av eldreomsorgen i kommunen

3. Kva er med få ord hovedutfordringa for kommunen si pleie- og omsorgsteneste i åra som kjem?

I tillegg har kommunane nå ved slutføring av handlingsplanen, blitt oppfordra til å kome med ytterlegare kommentarar og vurderingar i forhold til kva handlingsplanen har betydd for utviklinga i eldreomsorga og korleis kommunane vurderer resultatet av satsinga. Kommunane gjev samla sett uttrykk for positive erfaringar med handlingsplanen og at den totalt sett har gitt eit betre tilbud i pleie- og omsorgstenesta. Dei mest eintydige kommentarane kan oppsummerast slik:

- Handlingsplanen har sett fokus på eldreomsorgsarbeidet generelt og synleggjort og påskynda ein prosess som har vore heilt nødvendig både med tanke på utbygging og reovering.
- Handlingsplanen har skapt positive prosessar og godt samarbeid om planlegging mellom administrasjon og politikarar i kommunen. Arbeidet har utløyst behov for kartlegging, og handlingsplanen er sett på som eit godt planleggingsverktøy som er oversiktleg og konkret, politisk behandla og forpliktande.
- Handlingsplanen har sett meir fokus på dei fysiske lokalitetene i eldreomsorgen, med nybygg av sjukeheimar og omsorgsbustader med meir heilskapelege og samlokaliserte pleie- og omsorgstilbod til erstatning for gamle og tungvinte bygningar.
- Med eldresatsing og befolkningsutvikling på dagsorden har kommunane vorte nøydd til å planlegge langsiktig.
- Behovsundersøkingar og vurderingar, målretta jobbing og betre kartlegging, gjev grunnlag for ei meir framtidsretta pleie- og omsorgsteneste
- Rullering av handlingsplanen gjev høve til vurdering av om måla er nådd.
- Nødvendig styrking av bemanninga
- Betre balanse mellom institusjonsplassar og omsorgsbustader/-heimetenester noko som har minka presset på sjukeheimsplassane

Kommunane har også reist ein del kritiske innvendingar som kan oppsummerast slik:

- "Tungrodd" nitidig og arbeidskrevjande rapporteringssystem – herunder dobbeltrapportering med tanke på handlingsplan/KOSTRA
- Frustrerande at regelverk og retningslinjer er blitt endra undervegs i prosessen
- Det har vore for lite fokus på tenesteinnhald og personell

Innspela frå kommunane er eintydige på at hovudutfordringane for pleie- og omsorgstenesta framover er å behalde og rekruttere kvalifisert personale og å sikre eit forsvarleg driftsnivå - både på bakgrunn av den økonomiske situasjonen og befolkningsutviklinga i kommunane. Kommunane peikar også på utfordringar som

- Riktig forvaltning av dei økonomiske ressursane, med tanke på å oppretthalde drifta på dagens nivå
- Å kunne gje tilrettelagt pleie og omsorg til dei som treng det mest
- Imøtekome krav og rettigheter brukarane og pårørande stiller til tenester
- Større rom for brukarmedverknad og personleg valfridom i den daglege omsorgen
- Å kunne videreutvikle kvaliteten på tenestetilbodet

Ein del generelle kommentarar til handlingsplanen elles går m.a. ut på at det er behov for å få ei endra haldning til pleie- og omsorgsyrka og at sentrale styresmakter må medverke til å dette. Likeeins har enkelte peikt på at stadige medieoppslag om svak eldreomsorg gjev eit negativt inntrykk av pleie- og omsorgstetenesta.

Mange av dei kommunane vi har vore i kontakt med ved slutten av året 2002 har uttrykt stor bekymring for kva budsjettprosessen for 2003 vil medføre av kutt i tenestene og om ein vil bli sett tilbake på same nivå som før eldresatsinga.

5.2 Synspunkt frå referansegruppa

Referansegruppa har i sine møte regelmessig kome med tilbakemeldingar på korleis handlingsplanen har verka frå kvar enkelt sin ståstad. Positive effektar som har kome fram er :

- Planlegginga er vorte betre og kommunane har fått eit meir heilskapleg grep om eldreomsorga
- Ein ser at planlegginga og investeringane har skapt ringverknader som pågangsmot og begeistring , til trass for at dei økonomiske vilkåra er svært vanskelege.
- Ein har fått eit sterkare fokus på organisering av tenestene og på driftsutgiftene i sektoren.
- Frå 2. linjetensta merkar ein at "noko har skjedd" i kommunane. Kommunane taklar i større grad vanskelege utfordringar sjølve.
- Det har vorte meir god omtale av eldreomsorga frå innbyggjarane i kommunane.

Eit medlem i gruppa som er ordførar har m.a. kome med desse synspunkta:

"Eg føler at både prosessane og gjennomføringa var tilfredsstillande. Dette var ei kjempestor reform der både juridiske- og økonomiske verkemidlar vart tekne i bruk. Ei reform med dette omfanget, der både juridiske- og økonomiska verkemidlar var involverte i stort omfang kunne ein neppe forvente skulle kunne gjennomførast betre enn det som vart gjort.

Reforma vart prioritert i kommunane, og utløyste stor aktivitet. Handlingsplanen førte til kritisk blick på eiga organisering. Behovet for effektivitet og rasjonell drift vart sett i fokus. Kommunen har vorte tvunga til å tenkje nytt både i kvalitet og i kvantitet.

Det kom på kort tid relativt mange planar(Plan for eldreomsorga, plan for helse- og sosialpersonell, opptrappingsplan for psykisk helse, 6-årsreform, skuleutbyggings-plan m.m.).Det vart kanskje ei form for "plantrøytteleik" oppi alt dette. Så mange gode reformer på kort tid vert kvarandre sin fiende ! Når heller ikkje desse reformene er sjølvfinansierande vert det frustrasjon i kommunane. Stat,fylkeskommune og kommunane "skyt" og skuldar på kvarandre. Kommunane måtte yte frie midlar som måtte takast frå andre område (skule, kultur, vegnett m.m) og/eller finne andre inntektskjelder (avgifter,eigedonsskatt m.m.) Eldrereforma kom kanskje for seint, då den kommunale økonomien var stram.

Reforma med alle byggeprosjekta, førde til press på byggebransjen og auka kostnader. Kommunane hadde heller ikkje serviceapparat innan teknisk sektor til å klare og få fram areal, reguleringsplanar m.m. raskt nok. Enkelte stader vart det ei forhasta planlegging for å kome " først

til mølla” og få nytte tilskotsordningane før inflasjon og kostnadsauke reduserte dei reelle tilskota.. Det var svært uheldig at ikkje tilskota til bygging vart indeks-/byggekostnadmessig korrigerede undervegs. Såleis vart dei kommunane som planla skikkeleg og brukte tid på analysar og behovsgjennomgang straffa !! Såleis vart enkelte styrde av tidsfaktorar og tilskot meir enn av reelle og gjennomarbeidde behov. Satsingsperioden vart for kort. Skulebygg-satsinga vart sett i gang før eldrereforma vart slutført. Såleis retta ein fokus bort frå eldresatsinga og over på skulebyggsatsinga for tidleg.

I startfasen vart det overvekt av omsorgsbustader. Mange nytta høvet til å setje opp slike då finansieringsordninga var svært gunstig (Kr. 740 000 pr. plass). Finansieringsordninga for omsorgsbustader var mykje betre enn for sjukeheims plassar. Dette gjorde sitt til at mange prioriterte desse.

Eg tvilar på om ein i framtida klarer å bygge nok institusjons plassar. Desse tilboda er også dei klart dyraste—såleis burde ein satse endå meir på den heimebaserte omsorga. Eg har også inntrykk av at dei fleste eldre ønskjer å leve og bu så lenge som råd er heime.”

Eit anna medlem, som har vore geriater på fylkessjukehuset i mange år, har gjeve desse synspunkta:

”Til trass for positive effektar, er det nok likevel merkbar i 2. linje at det ikkje er nok kapasitet til å dekke opp for behovet for rehabilitering, etterbehandling/ kortidsopphald og langtidspleie i kommunane. Grunnen er ganske enkelt for liten sjukeheimskapasitet til å klare slike oppgåver. For sjukehuset er det for mykje ventetid på tilbod, av og til også på tiltak i heimebasert omsorg. Framgangen trur eg ligg i bekring av samarbeidsrutiner og stor utnytting av hjelpeapparatet, og ikkje minst familie/omsorgspersonar. Dette er ikkje alltid i samsvar med pasientens ønsker og reelle behov.

Uballanse i tenestene og mangel på kapasitet for dei tyngste oppgåvene, gjer at eg trur ein berre unntaksvis kan ”gi den enkelte trygghet for nødvendig pleie- og omsorgstjenester tilpasset behovet”. Sjøl om omfanget av tenestene er auka, er eg sterkt i tvil om kvaliteten. Dette gjeld særleg område som rehabilitering og demensomsorg som krev institusjons plassar og kvalifisert personale. Grunnen til dette trur eg er den ulykkelege samanslåinga av sjukeheims plassar og omsorgsbustader som om det var likeverdige tilbod. Dette er det negative ved Handlingsplanen. Omsorgsbustader kan ikkje erstatte sjukeheims plassar, og kan ikkje telje på same måte i institusjonskapasitet per 100 over 80 år. Dette er ein betraktingsmåte på sentralt hald som er direkte villeiande for kommunane og har ført til ei økonomisk basert ønsketenkning. Eg har også sett at kommunar planlegg å legge ned aldersheimar, truleg fordi dei byggjer omsorgsbustader. Dette vil i så fall slå negativt ut i høve til behovet fordi dei fleste aldersheimane truleg har fungert som sjukeheims plassar. Behovet for sjukeheims plassar vil i så fall bli endå meir merkbar. Det er dei mest resurskrevande tilboda det skortar mest på, og det er dette som betyr mest for pasientar og omsorgspersonar. Det mest utfordrande blir å gjere noko med dette i den økonomiske situasjonen kommunane er i.”

Eit medlem i gruppa som er pleie- og omsorgssjef i ein kommune, har vurdert handlingsplan for eldreomsorga nærare i ei oppgave i samband med eit studium i regional planlegging og utvikling. I konklusjonen hennar heiter det m.a.:

”Handlingsplanen makta å skape ei auka bevisstheit omkring eldre sine behov og kommunane sine tilbod. Samstundes er handlingsplanen prega av ein strategi som i for liten grad har vore egna til å fremme lokalt utviklingsarbeid. Mot denne bakgrunn kan det hevdast at handlingsplanen vil vera i stand til å nå målet om ein bygningsmessig renovering, men ikkje ein ideologisk, kompetansemessig og organisatorisk fornying. ” ” Dersom ein skal oppfylle handlingsplanen sine målsettingar om ei oppgradering av eldreomsorga sin kompetanse, service og organisasjon, vil dette verte vanskeleg å nå utan at det vert sett i verk ein ny brei planprosess der siktemålet i større grad er å fremme lokale planprosessar.”

5.3 Fylkeslegen og fylkesmannen si vurdering

Utbyggingane i handlingsplan for eldreomsorga i Møre- og Romsdal utløyser over 2 milliardar kroner i statstilskott til finansiering av bygga. I tillegg kjem ein stor kommunal eigeninnsats. Kommunane har også vorte tilført betydelege beløp i driftstilskott i handlingsplanperioden. Dette er vidareført i rammeoverføringane til kommunane etterpå. Denne rapporten oppsummerer både dei synlege resultatane av denne innsatsen og dei vi forventar å få når utbyggingane er fullførte.

- Det er skjedd ei vesentleg opptrapping av personellet i pleie- og omsorgstenesta desse åra sjølv om den reelle veksten nok ikkje er fullt så stor som den som kjem fram i tabell 2. Dei fleste kommunane synest å ha greidd å halde oppe om lag det same nivået på talet på årsverk også i 2002.
- Fylkeslegen og fylkesmannen vurderer at kommunane nå i hovudsak vil få gjennomført dei utbyggingane som er mest viktige for tenestetilbodet framover sjølv om det ikkje var mogleg å finansiere alle planlagte bygg gjennom eldresatsinga.
- Dei bygga som er ferdigstilt er tekne i bruk. Oversiktene i denne rapporten viser at det berre er i 3 mindre omsorgsbustadsprosjekt at det blir rapportert om ledige plassar. Dette indikerer at bygga så langt har dekt reelle behov i kommunane.
- Fylket har ein høgare vekst i talet på eldre enn gjennomsnittet. Når handlingsplanen er fullført, vil vi likevel ha høgare dekningsgrader på plassar i institusjonar og omsorgsbustader enn i 1997. Kommunane vil da også ha oppnådd svært høg eineromsdekning.

Mange av dei bygga som er prioriterte for finansiering, blir ikkje ferdige før i slutten av perioden. Når desse også blir teke i bruk, vurderer vi at kapasiteten reelt sett er styrka og at ein dermed har eit godt utgangspunkt for å møte veksten i talet på eldre framover. Det er mange faktorar som vil innverke på om dette vil vera eit tilstrekkeleg tilbod i åra framover. Dei viktigaste momenta er stikkordsmessig

- kvaliteten på den hjelpa innbyggerane vil kunne få i eigne heimar framover
- korleis praksisen når det gjeld utskrivning frå sjukehusa vil utvikle seg
- utviklinga i helsesituasjonen til den eldste delen av befolkninga

Sidan investeringane i stor grad gjeld utskifting og modernisering av gammal bygningsmasse, vil svært mange av sjukeheimsplassane i fylket etter 2005 enten vera heilt nye eller nyrenoverte. Det skulle dermed ligge godt til rette for at alle som ønskjer det skal kunne få einerom. Standardhevinga vil også gje betre vilkår for arbeidsmiljøet for dei tilsette og det vil kunne gjera det enklare for dei pårørande både å halde kontakt og å delta i omsorgen. Reduksjonen i talet på plassar

pr. avdeling skaper andre vilkår for å styrke det individuelle fokuset i tenesteytinga enn det dei store avdelingane har gjeve.

Dei aller fleste kommunane vil etter eldresatsinga ha etablert eigne tilrettelagte tilbod for pesonar med aldersdemens – enten som avdelingar i sjukeheimen eller som bufellesskap/omsorgsbustader. Svært mange av desse nybygga vil også ha uteareal som er tilrettelagt slik at dei som bur der kan vera ute etter eige ønske.

Handlingsplanen har utjamna nivåforskjellande mellom kommunane. Ein svært stor del av kommunane vil ha ein dekningsgrad mellom 30 – 50 %. Dette tilseier at eldromsorga har høg prioritet i kommunane her i fylket.

Dei store investeringane har skapt stor aktivitet i kommunane. Mange stader har handlingsplanen sett eldreomsorga i eit slik fokus at det har stimulert endrings- og utviklingsprosessar som nok vil gje ringverknader langt ut over denne perioden.

Kommunane skulle lage sin eigne handlingsplanar som var tilpassa kvar enkelt kommune sin situasjon. I ettertid ser vi klart at tidsramma for dette viktige arbeidet vart altfor kort for mange av kommunane.

Mange av kommunane har peikt på at det har vore frustrerende at ein del sentrale begrep ikkje var klart definerte i starten på handlingsplanen, men vart avklara ”undervegs”. Realverdien av investeringstilskotta har også endra seg undervegs. Betre avklaringar på desse områda kunne nok ha gjort innsatsen enda meir retta mot dei primære måla.

6. UTFORDRINGAR FRAMOVER

Det er all grunn til å gle seg over alt som faktisk blir gjennomført av utbygging kommunane i fylket i denne perioden. Eldreomsorg er ei stor og krevjande oppgave for kommunane og utbygginga endrar ikkje at det framleis er svært mange utfordringar knytt til denne tenesta. Vi vil her oppsummere nokre av dei mest sentrale:

Kommunane synest å oppleve at dei økonomiske rammene er strammare nå enn nokon gong før. Ved dette årskiftet synest den største utfordringa difor å vera korleis ein skal få kommunebudsjetta for 2003 i balanse utan at det blir gjennomført uforsvarlege kutt i tenestene. Det er grunn til bekymring for kva slags verknader dette kan få for den styrkinga som er gjennomført på driftsida sidan 1997.

Dei økonomiske tilskota har først og fremst stimulert utbygging av plassar i sjukeheimar og omsorgsbustader. I dagens økonomiske situasjon kan fokuset lett kunne bli på å sikre drifta av desse og andre institusjonsplassar, noko som kan kome til å svekke andre delar av tenestetilbodet – så som heimetenesta, dagsenter etc. Det er difor svært viktig framover at ein held fokuset på heilskapen i det totale tenestetilbodet. Ei framtidsretta eldreomsorg krev at eldre først og fremst skal få bu i eigne heimmar så lenge som mogleg. Vi må også unngå at det blir for sterkt press mot dei nye plassane i institusjonar og omsorgsbustader. Begge desse formåla krev at heimetenesta blir utvikla vidare og at forebyggjande tiltak som ulike tilbod i dagsenter og liknande også blir prioritert.

I Husbanken sitt rundskriv "Omsorgsbolig – en veileder" heiter det at kommunane skal kunne ta ei "kostadsriktig" husleige for desse leilegheitene. I Møre og Romsdal ser vi nå at det er vorte store skilnader på prisnivået på desse bustaden kommunane i mellom. I enkelte kommunar er husleiga i dei nye omsorgsbustadene svært høge.

Framover vil fokuset i stor grad rette seg mot å utvikle kvaliteten på innhaldet i tenestetilbodet. Sentrale stikkord her er meir individuell fokusering, betre samarbeid med brukarar og pårørande og større mangfald og tverrfagleg samansetjing av personalet. Dette er innsatsområde som vil bli følgt opp i det nye utviklingsprogrammet for kvalitet i omsorgstenestene som vil kome i 2003.



Austigard, Rindal kommune



Hovudinngang Ausitgard, Rindal kommune

DEL II

UTVIKLINGA I KVAR ENKELT AV KOMMUNANE I MØRE OG ROMSDAL

Datagrunnlaget i tabellane er henta i frå

- SSB rapporteringa for 1997
- Kostra-rapporteringa for 2001
- Fylkesmannen si registrering og husbanken sin statistikk om gjennomførte og planlagte utbyggingar
- fylkesmannen sine rapporteringar til Sosialdepartementet
- kommunane si framskrivning av personellbehovet i rapporteringa i januar 2001

Generelle merknader til datagrunnlaget:

Ein del kommunar har urealistiske tal for personellutviklinga pga. endringar i organisasjonen som har medført at større delar av peronalet har vorte registrert i pleie- og omsrogstenesta i dette tidsrommet.

Når vi i rapporten snakkar om "eldre" er dette definert som personar over 80.

Dekningsgrad for plassar er i rapporten definert som plassar i sjukeheim, aldersheim eller omsorgsbustad bygt etter 1994. Mange kommunar har andre, gode tilrettelagte bustader som ikkje fell inn under denne definisjonen og som dermed heller ikkje gjev positive utslag for dekningsgraden. Dette kan td. vera aldersheimar som er vorte omdefinerte til omsorgsbustad.

Det er mange prosjekt som framleis er under planlegging. Sjølv om kommunane har fått melding om at desse utbyggingane er prioriterte for finansiering, er dei tala som i denne rapporten blir presentert som forventat resultat i 2005, avhengige av at dei faktisk blir realiserte.

Kommentar

Molde har ein vekst i talet på eldre om lag på same nivå som gjennomsnittet for kommunane i fylket. Kommunen hadde renoverert to sjukeheimar like før handlingsplanen vart sett i verk. I planperioden har kommunen til nå bygt ut omsorgsbustader. To omsorgssenter er under bygging. Det er finansiert ombygging av ein sjukeheim til. Kommunen hadde planlagt fleire prosjekt som det ikkje vart finansiering til, m.a. opprusting av Glomstua sjukeheim med mange dobbeltrom. Kommunen rapporterer om ein auke på 41 årsverk frå 1997 – 2001. Fram til 2005 har kommunen vurdert at det er behov for å trappe opp med enda 69 nye årsverk.

Utbyggingsprosjekt som er finansiert i planperioden

Finansierte einingar	Prosjekt	Status pr. november 2002
74	Råkhaugen omsorgssenter (56 + 18 plasser)	Under bygging -ferdig desember 2003
24	Skåla helse- og omsorgs.s.	Under bygging - ferdig mai 2003
32	Bergmo omsorgsboliger	Ferdig - nesten alle plasser innflytta.
46	Kirkebakken omsorgssenter	Forprosjekt ferdig. Lovnad på tilsagn fra HB. *(6+ 40)
18	Kleive omsorgssenter	Behandla i formannskap nov 02. Tilsagn fra HB
31	Omsorgsbustader - G.Liespl. 1	Ferdig og innflytta 2000/2001
14	Omsorgsbustader - Strandgata 12	Ferdig og innflytta 2000.
239	Sum	

Kommunen sine vurderingar frå rapporteringa i 2001

"Vi har stort sett gode erfaringer med Handlingsplan for eldreomsorgen. Retningslinjer og kriterier burde imidlertid vært utarbeidet og vedtatt på forhånd, og ikke presisert og endret undervegs.

Handlingsplanen har betydd, og vil bety svært mye for utviklingen av eldreomsorgen i kommunen. Kommunen får utvidet kapasitet både når det gjelder institusjonsplasser og hjemmetjenester. Gamle og nedslitte institusjoner blir rehabilitert og modernisert. Eldreomsorgen blir satt på dagsorden i mye større grad enn tidligere.

Største utfordringen blir å rekruttere personell til vakante og nyopprettede stillinger. Likeså å fremskaffe driftsmidler til planlagte tiltak i årene som kommer.

Rapporteringsrutiner og skjema burde vært mer samkjørt med KOSTRA, slik at en kunne overføre data direkte mellom de forskjellige rapportene."



1502 Molde

Antall	1997	2001	2005 ¹⁾	Endring 97-05	%-vis endring 97-05
Folketal	23 381	23 876	24 506	1 125	4.8
Eldre 80+ (tal)	988	1 134	1 124	136	13.8
Årsverk PLO (tal)	436	477	546	110	25.2
Tal på plassar i:					
Omsorgsbustad	69	118	179	110	159.4
Aldersheim	0	0	0	0	#DIV/0!
Sjukeheim	229	227	254	25	10.9
Sum plassar :	298	345	433	135	45.3
Einerom	147	156	254	107	72.8

1) Planlagt aktivitet jf. prognoser fra kommunane og SSB (folketal).

Dekningsgrader i % (DG) 80+	1997	2001	2005	Endring 97-05 ¹⁾
Årsverk PLO pr. 100 innb. 80+	44.1	42.1	48.6	4.4
Plassar i inst./boliger (DG):	30.2	30.4	38.5	8.4
Dekningsgrad fordelt:				
Omsorgsbustad	7.0	10.4	15.9	8.9
Aldersheim	0.0	0.0	0.0	0.0
Sjukeheim	23.2	20.0	22.6	-0.6
Eineromsdekning (DG):	78.2	81.7	100.0	21.8

1) Prosentpoeng



Kommentar

Kristiansund kommune har ein sterk vekst i talet på eldre i planperioden. Kommunen har gjennomført fleire utbyggingar og den største blir gjennomført nå. Pga. veksten i talet på eldre, blir den samla dekningsgraden når det gjeld plassar likevel litt redusert. Kommunen hadde planlagt utbygging av fleire omsorgsbustader som det ikkje har vore rom for å finansiere. Tabellen viser ein urealistisk personellvekst. Dette kjem av endra organisatorisk tilknytning av ein del personellgrupper i dette tidsrommet.

Utbyggingsprosjekt som er finansiert i planperioden

Finansierte einingar	Prosjekt	Status pr. november 2002
